

RADØY KOMMUNE
Radøyvegen 1690
5936 MANGERDato: 15.08.2019
Vår ref.: 2019/28-28
Saksbehandlar: Bjørg Larsen
Dykkar ref.: 16/1536-19/11422

Utbetaling spelemidler 2019 lager ved Radøyhallen anleggsnr 54818 - Radøy kommune

Vi har motteke dykkar brev av 25. juli 2019 med oppmoding om utbetaling av løyvde spelemidler 2019 til lager ved Radøyhallen.

Vedlagt følgde ferdigattest og sluttrekneskap, stadfesta av kommunerevisjonen.

Radøy kommune fekk tildelt kr 180 000,- til lager. Revidert sluttrekneskap var på kr 540 189,-. Spelemidler vert betalt ut med inntil 1/3 av prosjektet sin totalkostnad for ordinære anlegg.

Etter dette kan vi melde om at kr 180 000,- av løyvde spelemidler 2019 vert overført til Radøy kommune over bankkonto 3636 07 00776 Overføringa vert merka; «Spelemidler lager Radøyhallen».

Vi ber om at de står for utbetaling av løyvinga etter gjeldande reglar.

Klagerett:

Forvaltningslova gjev søkjarar om tilskot frå spelemidlane rett til å klage over det vedtaket som er gjort, sjå Forvaltningslova § 27 tredje ledd og § 28 andre ledd, samt kapittel 7 i føresegnene om tilskot til anlegg for idrett og fysisk aktivitet, V-0732. Klagefristen er 3 veker frå den dagen dette brevet er motteke. Dersom fylkeskommunen ikkje endrar vedtaket som følgje av klaga, skal saka sendast Kulturdepartementet for endeleg avgjerd.

Britt Karen Spjeld
Leiar

Bjørg Larsen
seniorrådgjevar

Brevet er godkjent elektronisk og har derfor inga underskrift.